

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310,  
5020 Bergen

**REVISJONSUTTALE – Tilskot til kommunalt vedlikehold – Meland kommune**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med rundskriv frå Fylkesmannen i Hordaland datert 31.01.2018.

Samla totalsum utgiftsført i 2017 er kr 2 165 445.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- a) at rapporterte utgifter er i samsvar med den bokførte kommunerekneskapen
- b) at rapporterte utgifter gjeld vedlikehold og re-habilitering av vegar, bygg og anlegg som er eigd av kommunen eller kommunalt føretak
- c) at sum utgiftsført og sum dokumenterte avtalar signert i 2017 til saman utgjer like mykje som motteke tilskot og at unytta tilskot i rekneskapsåret er avsett til bunde fond.

Vi rapporterer våre funn nedanfor:

- a) Rapporterte utgifter er i samsvar med den bokførte rekneskapen.
- b) Rapporterte utgifter er kontrollert på stikkprøvebasis og gjeld vedlikehold og re-habilitering av vegar, bygg og anlegg som er eigd av kommunen eller kommunalt føretak
- c) Sum utgiftsført og sum dokumenterte avtalar signert i 2017 utgjer like mykje som motteke tilskot. Unytta tilskot i rekneskapsåret, kr 460 828,00, er avsett til bunde fond.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tillegghandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av rekneskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Fylkesmannen i Hordaland og kommunen.

Isdalstø, 27.02.2018

NORDHORDLAND REVISJON IKS



Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef

Gjenpart: Meland kommune